

Konfirmantopplegg FJELBERG&EID 2025/26

VIPPS Fjelberg og Eid 131489 for
kontingent 400 kr.

SAMLINGAR: som regel på Zoar bedehus, nokre i Eid kyrkje

på onsdagar kl 17.30-19.30, med matpause ca kl 18.45-19.10

Ved **fråver** grunna sjukdom, tannlegebesøk el l - gje **beskjed** til **NN** (det gjenstår avklaring på **kontaktperson**) **før undervisning**

Mat. Betaling for mat. Kr 400 pr konfirmant. Vipps – sjå hjørnet her på arket. Det er ein god tradisjon at 2 konfirmantforeldre serverer mat til konfirmantane til kvar samling. **Me treng altså 2 stk vaksne som lager mat til kvar samling. Fint om foreldra avtalar innbyrdes og sender ferdig oversikt for heile konfirmantåret til NN** (det gjenstår avklaring på **kontaktperson**).

Semesterplan er (obligatorisk for alle konfirmantar):

Leir på Brandøy 5.-7. september

- **Samlingar i 2025:**
- Ons 20. august **Informasjonsmøte** konfirmantar og foreldre kl.18-19 i Eid kyrkje felles for alle, uansett konfirmasjonsstad)
- Ons 17. sept. på Zoar kl.1730-1930 (Tema 5: Kven er Gud?, skapelsen. 4. Kven står bak alt saman?)
- Søn 14. sept **Presentasjonsgudsteneste** i Eid kyrkje kl.17-18 (felles for alle, uansett konfirmasjonsstad)
- Ons 01. okt Tema: Kyrkja, gudsteneste, nattverd i Eid kyrkje kl. 1730-1930 (mat: pizza el l - ikkje kjøken i kyrkja)
- Ons 22. okt Tema: Kvifor og korleis skal eg lesa bibelen? Kor viktig kan ei bok vere? På Zoar kl.1730-1930
- Ons 19. nov. Tema: Kven er den heilage ande? Kva gjer den heilage ande? Korleis kan eg verta fylt av den heilage ande? På Zoar bedehus kl.1730-1930
- Ons 26. nov i Eid kyrkje øving til lysmesse kl.1730-1930 (mat: pizza el l - ikkje kjøken i kyrkja)
- Ons. 10. des på Zoar kl.1730-1930 Tema: Kvifor og korleis skal vi be? (advent & jul)

- **Samlingar i 2026:**
- Ons 07. jan på Zoar kl.1730-1930 Tema:1. Kvar høyrer du til? 2. Kor mykje er du verdt?
- Ons 28. jan på Zoar kl. 1730-1930 Ope tema
- Ons 18. feb på Zoar kl.1730-1930 Tema: rettferdighet - Kirkens Nødhjelp & innsamlingsaksjon
- Ungdomsgudsteneste i Valen kyrkje, **sansynleg** **ons 11. mars**, kl 18-19.
- Ons 25. mars oppmøte på Zoar kl 17-19 (merk klokkeslett) innsamlingsaksjon (her blir det ikkje matservering), info kjem

- Sansynleg Ons 08. og ons 15 .april Øvingar til samtalegudstenesta/UnqMesse i Eid kyrkje kl.1730-1930
- Sansynleg onsdag 22. april i Eid kyrkje kl 17 - maks kl 19 Øvingar til konfirmasjonsgudsteneste (her blir det ikkje matservering), info kjem

GUDSTENESTER:

Konfirmantane skal delta på tilsaman 8 gudstenester i løpet av konfirmantåret 2025/26:

4 gudstenestar felles obligatoriske (dvs for alle konfirmantar – her treng dåke ikkje underskrift i KONF-LOGG-heftet). Gudstenestene er særleg tilrettelagt for konfirmantane:

- Presentasjonsgudsteneste søn 14. sept kl 17.00 Eid kyrkje (for alle, uansett konfirmasjonsstad).
- Lysmesse søn 30. nov kl 17.00 Eid kyrkje (for alle, uansett konfirmasjonsstad) – konfirmantar deltar aktivt, oppmøte for øving i kyrkja kl 16.00
- Samtalegudsteneste (for alle, uansett konfirmasjonsstad). Sansynleg søn 19. april, info kjem. Kl 17.30-18.30. Konfirmantar deltar aktivt. Fotografering rett før samtalegudstenesta. Konfirmantfest på Zoar rett etter samtalegudstenesta.
- Konfirmasjonsgudstenester 2026: Fjelberg søn 26. april kl 11.00 - Eid laurdag 02. mai kl 11.00 - Eid søndag 03. mai kl 11.00.

4 gudstenestar på valfrie søndagar/raude dagar: - OBS: Frammøte på gudstenester blir dokumentert ved at konfirmanten har med penn, KONF-LOGG- boka, noterer i gudstenestelogg på side 80 ff og får underskrift av presten eller anna medarbeider i kyrkja. Konfirmantane kan også gå i andre kyrkjer enn der dei bur, også Sjømanskyrkja.

Det betyr at det anbefalast at konfirmanten tek del på 2-3 gudstenester fram til og med jul. **Oversikt over gudstenester** finn ein i **kalenderen** på heimesida til kyrkja:

<https://www.kvinnherad.kyrkja.no/>

ANNA:

Tilbod (ikkje obligatorisk og ikkje del av konfirmantopplegget, men flott om dåke vil vera med, dette er kjekke arrangement):

Laurdag 08. nov **Nattcup** Innebandy i Husneshallen, info kjem

Nattkafe på Husnes bedehus annan kvar fredag.

Ope hus med Ove Tvedt i Valen kyrkje annan kvar onsdag

Helsing og lukke til frå 'konfirmantlærargjengen'